

...slik skal de be: **Vår Far i himmelen!** Lat namnet ditt helgast..

litt om serien:

Bibelen gir oss mange bilete på den relasjonen Gud ønskjer med menneska. Det viktigaste er Gud som vår rettferdige og nådige Far. Jesus kalla Gud for «far» heilt konsekvent. Han lærer disiplane å be til Gud som "Vår Far". I denne bønna lærer vi at bøn til Gud – å vere tett på Gud og samtale med han – alltid startar med "Pappa". Vi gløymer så lett at det er slik.

Ein jordisk, sunn far har ein enorm kjærleik til barna sine. Han er oppteken av dei - stolt over at dei er hans. Gud er vår fullkomne Far som elskar utan vilkår. I denne serien går vi igjennom dei seks bønene i verdas viktigaste bøn. «Vår Far» er ikkje eit formular eller ein liturgi. Den er invitasjonen til ein relasjon - og eit liv. Korleis lever vi «vår Far»?

litt om tema:

Vi startar med Far. Skilnaden på kristen bøn og anna bøn er dette: bønna vender seg til ein far frå eit hjarte som ser han som Far. Vi treng ikkje gjere oss fortent til hans merksemd og kjærleik. Den har vi allereie. Gud er vår Far og vi er barna hans. Det gjev ein kristen ein klippesolid grunnmur å bygge identitet og sjølvkjensle på. Livet som vi lever, det lever vi i trua på ein kjærleg og nådig Far. Han er *vår* Far, ikkje bare min Far. Det betyr at andre er brør og systre. Guds farskap koplar oss saman med syskenband.

Ef. 1, 1-12: rettleiande spørsmål



1. Korleis blir Gud framstilt i denne teksten?
2. Kva har Gud som Far gjeve oss? Kva har han gjort med oss?
3. Kva for rettar og privilegie gjev statusen som Guds barn?
4. Kva trur du Paulus «kjenner» når han skriv dette? (v 1-14 er ei lang setning på gresk)

Gjennom deg og vidare



Tenk for ein god bodskap du er ber på – Gud er ikkje først og fremst ein streng dommar, men ein kjærleg Far!

Kven treng å få høyre dette?

Takk, bøn og forbøn



1. Takk Gud for hans altomfattande kjærleik til deg. Mediter over Gud som Far, hans aksept, hans merksemd og kjærleik i di retning.
2. Be Gud om å hjelpe dykk til å bygge meir av livet på denne identiteten: Guds elska barn: at val, prioriteringar, sjølvkjensle og verdi må stige ut frå den nye statusen du har som adoptert inn i Guds familie.
3. Be Gud om ei erfaring av denne Faderlege kjærleiken, om kor sterk han er og kor djup.
4. Del gjerne andre bøneme og be for kvarandre. Avslutt med «Vår Far».

Den ærlege samtalen



1. Kjem du til ein Far når du ber til Gud? Korleis møter du Gud?
2. Kva er det som pregar ditt bilete av Gud som «Far?» (Strengheit? Ein som er borte eller til stades? Aksept?)
3. Kva konsekvensar gir det for ditt liv at Gud er din kjærlege Far?
4. Er du villig til å endre eller justere ditt bilete av Gud no?

Takksam deling



Når vi no har slik ein kjærleg far, så er vi sysken!

Korleis kan de leve ut sysken kjærleiken mellom dykk framover?

litt teologi: Abba - Far.

Abba - Pappa. Ei sjokkerande intim tiltaleform som Jesus brukte nesten 100% av gongane han snakka om og til Gud, når vi les dei 4 evangelia i NT. Dette var sjokkerande i hans samtid der Guds namn blei halde så heilag at dei eigentleg ikkje kunne seie det. Når dei skulle lese Guds eigennamn, Javeh, las dei Adonai - Herre – i staden. Dei dei våga ikkje ta namnet i sin munn i redse for å misbruke det (2. bod). Og så kjem Jesus og snakkar til pappa i himmelen. Framleis like heilag, framleis like fullkomen, men så nært likevel, som ein kjærleg Far - den fullkomne far som dei beste av fedrar på jorda berre blir ein skugge av.

Den einaste gongen Jesus ikkje talar til Gud som Far er når han heng på krossen. Han ropar ut: «min Gud, min Gud, kvifor har du forlate meg?» Akkurat då betalar Jesus prisen for mi og di framandgjerig frå Gud. Han mista Guds Faderlege kjærleik, så du og eg kunne finne Gud som ein kjærleg Far. Vi blir adopterte inn som Guds barn, gjort til arvingar saman med den einborne sonen, som kjøper oss fri gjennom sjokkerande lydighet mot Far. Derfor er Jesus den førstefødde mellom mange sysken.

Å vite at du har ein Far i himmelen som elskar deg slik, som villig ofrar det kjæraste han har for deg; det skulle gje deg ein sikker identitet; Guds elska barn! Treng du noko meir, eigentleg?



... Vår Far i himmelen! Lat namnet ditt helgast, Lat riket ditt koma...

litt om serien:

Bibelen gir oss mange bilete på den relasjonen Gud ønskjer med menneska. Det viktigaste er Gud som vår rettferdige og nådige Far. Jesus kalla Gud for «far» heilt konsekvent. Han lærer disiplane å be til Gud som "Vår Far". I denne bønna lærer vi at bøn til Gud – å vere tett på Gud og samtale med han – alltid startar med "Pappa". Vi gløymer så lett at det er slik.

Ein jordisk, sunn far har ein enorm kjærleik til barna sine. Han er oppteken av dei - stolt over at dei er hans. Gud er vår fullkomne Far som elsker utan vilkår. I denne serien går vi igjennom dei seks bønene i verdas viktigaste bøn. «Vår Far» er ikkje eit formular eller ein liturgi. Den er invitasjonen til ein relasjon - og eit liv. Korleis lever vi «vår Far»?

litt om tema:

Kva vil det seie å helge noko? Og kva skjer med oss når vi helgar Guds namn? Å helge betyr å halde noko heilagt, å setje det øvst og først. Det er det du har som det ultimate viktige i livet.

Det betyr at vi alle, uavhengig av livssyn og trussetning, helgar noko.

Vi beundrar noko, og dette "noko" styrer livet vårt. Vår Far er ein far som er verd helging. Dette er den første bøneden i Fadervår, for det å helge Guds namn set alle andre ting i perspektiv.

Jes. 40, 12-18: rettleiande spørsmål



1. Kva for inntrykk får du av Gud i denne teksten?
2. Kva trur du Jesaja prøvar å formidle? Kva kjenner han?
3. Kva er linken mellom teksten og «la namnet ditt helgast»?
4. Kva tenkjer du er samanhengen mellom tilbeding og eit dedikert liv?

Gjennom deg og vidare



Kven er det som får sjå, gjennom deg, korleis eit liv med ein tilbedande livsstil ser ut? Om det er ingen, kvifor det?

Den ærlege samtalen



1. Kva er ditt forhold til tilbeding?
2. Om andre kunne sett heile livet ditt, kva ville dei ha sagt at var det viktigaste for deg? Kva helgar du?
3. Når ber du? Kva ber du om? Kvifor ber du?
4. Har du ei erfaring med Gud som Pappa som du kan dele?

Takksam deling



Dersom vi beundrar Gud først, er vi frie til å beundre mange andre ting, men i eit rettare perspektiv. Korleis kan de setje kvarandre høgt i tida framover?

Takk, bøn og forbøn



1. Takk Gud og pris Gud for den han er og det han gjer. Takk han for at han er din himmelske far: Stor og samtidig nær, allmechtig og samtidig tilnærmeleg. Takk for at du får vere hans barn!
2. Be Gud gje dykk, i bønlivet og livet elles, eit fornya ønske om å tilbe han og å sjå kor stor og tilfredsstillande han er i fleire og fleire område av livet.
3. Be Gud gripe inn og bryte mønster og bindingar som gjer at de helgar mindre viktige eller usunne ting.
4. Del gjerne andre bønneemne og be for kvarandre. Avslutt med «Vår Far».

litt teologi: Å helge.

Det å sjå noko som heilagt eller å halde noko heilagt er ein ganske stor ting i Bibelen. I sum handlar det om at måten vi ser ein ting på skal høyre i hop med kor viktig og verdifull tingen er. Det vi helgar er det som er aller viktigast og mest verdifullt. Det er faktisk det *ultimate*, det viktigaste, det største og første for oss. I GT blei særskilde stadar, offermateriale og prestar, profetar og kongar helga, altså sette til side for at dei på ein særskild måte skulle vere Guds. Guds namn, Guds hus, inventaret i Tempelet - det som ble innvia til Herren og tenesta for Herren, blei helga. Eks: 2.Krøn 7,16 - «Eg har valt ut dette huset og helga det så namnet mitt skal vera der til evig tid. Auga mine og hjartet mitt skal alltid vera vende mot det.».

Derfor handlar «å helge» djupast sett om tilbeding. Det handlar om at våre ord, gjerningar, prioriteringar og bønner skal reflektere at Gud er den øvste og viktigaste for oss.

Det er den første bønna i Fadervår etter at vi har adressert den til Gud som Far. Vår Far er verd å tilbe, han ønskjer å bli tilbedt. Jesus lærer oss her ikkje berre ein måte å be på, men ein måte å leve på.



...Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen. Gjev oss i dag...

litt om serien:

Bibelen gir oss mange bilete på den relasjonen Gud ønskjer med menneska. Det viktigaste er Gud som vår rettferdige og nådige Far. Jesus kalla Gud for «far» heilt konsekvent. Han lærer disiplane å be til Gud som "Vår Far". I denne bønna lærer vi at bøn til Gud – å vere tett på Gud og samtale med han – alltid startar med "Pappa". Vi gløymer så lett at det er slik.

Ein jordisk, sunn far har ein enorm kjærleik til barna sine. Han er oppteken av dei - stolt over at dei er hans. Gud er vår fullkomne Far som elsker utan vilkår. I denne serien går vi igjennom dei seks bønene i verdas viktigaste bøn. «Vår Far» er ikkje eit formular eller ein liturgi. Den er invitasjonen til ein relasjon - og eit liv. Korleis lever vi «vår Far»?

litt om tema:

Når vi bed om at Guds rike skal kome og at hans vilje skal råde, er dette å underkaste seg Guds vilje og hans plan for livet og verda. Det er ikkje lenger min agenda for meg sjølv som styrer, men Guds agenda for meg. Hans gode farsvilje for meg er òg noko som utfordrar.

Gud som Far er ikkje berre ein som trøystar. Vår Far er ein arbeider, ein skapar. Vi som er borna hans må ta høgde for at Gud veit meir og betre enn det vi gjer sjølve. Å sjå Guds rike kome til jord er noko som inviterer oss til å lyde han.

Luk. 9, 57-62: rettleiande spørsmål



1. Kor omfattande er det å følge Jesus?
2. Kva for slags liv er liv er det Jesus inviterer inn i her?
3. Er det *kristne* livet og det *gode* livet det same?
4. Korleis reagerer du på ein slik tekst?

Gjennom deg og vidare



Kven gjer du Guds rikes gjerningar saman med, og kven fortel du Guds rikes løyndomar til?

Kven har Gud rusta ut akkurat *deg* til å nå med evangeliet, trur du?

Takk, bøn og forbøn



1. Takk Gud for hans fullkomne rike. Be om at hans rike må kome over dykk og til dykk.
2. Be Gud gje dykk tru, for i Guds rike blir mørkret drive tilbake, fordi lyset er så sterkt. Sjukdom vik for helse, synd blir møtt med tilgjeving og ein knust sjel blir reist opp.
3. Be Gud om å vise dykk kvifor denne sida av Pappa Gud også er omsorg for sine barn, sjølv om den verkar hardare.
4. Del gjerne andre bønneemne og be for kvarandre. Avslutt med «Vår Far».

Den ærlege samtalen



1. Hender det at du tenkjer over at å vere kristen kan koste deg noko?
2. Korleis hadde ein far vore utan denne sida - den sida som krev lydighet?
3. Kan de sjå nokre av Guds rike sine frukter i liva dykkar?
4. Plogfurer blir best om plogmannen ser framover. Kva får deg til å sjå bakover i staden?

Takksam deling



I Guds rike blir *den andre* sett høgt. Kanskje er det nokon av dykk som treng hjelp til noko no. Korleis kan de tene kvarandre framover?

litt teologi: Guds rike

Teologar har gjennom lang tid stussa på om Guds rike handlar om stad eller innflytelse. Er det eit område der Gud regjerer, eller er det ganske enkelt Guds herredøme? Det held kanskje å seie at Guds rike er Guds framtidige, fullkomne rike, som kjem nær oss her og no gjennom Jesu verk og Andens virke.

Guds rike er tett knytt saman med Guds vilje. Både Jesus og hans apostlar ropar ut evangeliet om Guds rike (Mark 1,15 Apg 8,12). Guds rike kommuniserer ei utfordring til «vårt rike», det presenterer oss for ein annan agenda. Livet i lys av Guds rike kan ikkje handle om korleis eg skal vere taktisk og smart for å auke min eigen velstand og komfort, eg kan ikkje ha sjølvstrert eigennytte som grunnmotivasjon.

Teneste, omsorg, gjevarglede, tålmod med menneska rundt meg, eit oppriktig ønske om å spele andre gode og setje dei høgt - alt dette; det er slike ting som scorar høgt i Guds rike. «Søk først Guds rike» seier Jesus i bergpreika. (Matt 5-7) Og det er ikkje ein invitasjon til å *bruke* Guds rike til å få alt det andre vi ville ha, men ein invitasjon til å bøye kne for Gud, overgje vårt liv og våre planar og følgje Jesus i teneste for verda. Guds rike utfordrar din karakter. Guds rike koplar deg saman med eit folk under ein Konge. Guds rike gir deg ressursar til å kjempe Guds rikes sak i verda.



... slik som i himmelen. Gjev oss i dag vårt daglege brød. Og tilgjev oss vår skuld...

litt om serien:

Bibelen gir oss mange bilete på den relasjonen Gud ønskjer med menneska. Det viktigaste er Gud som vår rettferdige og nådige Far. Jesus kalla Gud for «far» heilt konsekvent. Han lærer disiplane å be til Gud som "Vår Far". I denne bønna lærer vi at bøn til Gud – å vere tett på Gud og samtale med han – alltid startar med "Pappa". Vi gløymer så lett at det er slik.

Ein jordisk, sunn far har ein enorm kjærleik til barna sine. Han er oppteken av dei - stolt over at dei er hans. Gud er vår fullkomne Far som elskar utan vilkår. I denne serien går vi igjennom dei seks bønene i verdas viktigaste bøn. «Vår Far» er ikkje eit formular eller ein liturgi. Den er invitasjonen til ein relasjon - og eit liv. Korleis lever vi «vår Far»?

litt om tema:

Det finst ikkje grenser for kva vi kan ta opp med Gud, vår Far. Men dette er den tredje bønna i fadervår og ikkje den første. Grunnen til å be er ikkje først og fremst at Gud er gjevaren av alle gode gåver, men at han er vår Far. Og når vi helgar han så kjem behova våre i et sunnare lys. Vi bed fordi vi vil være saman med han, ikkje fordi han er julenissen.

Uansett: Som barn har vi tilgang til vår Far som elskar å gi gode gåver til sine barn. Og vi kan gå til han med absolutt alle behov.

Matt 7, 7-11: rettleiande spørsmål



1. Korleis opplever du denne teksten? Lovar den meir enn den kan halde?
2. Korleis kunne/ville livet sett ut for menneske som verkeleg tok til seg dette?
3. Kva for slags «gode gåver» kan du kome på at du har fått av Far?

Gjennom deg og vidare



Jesus seier: *Eg er livsens brød*. Jesus er alt vi treng. Er det nokon rundt deg som er «svoltne» og prøver å bli «mette» på anna vis? Korleis kan du fortelje dei om den maten som *verkeleg* mettar, som *verkeleg* stiller svolten deira?

Takk, bøn og forbøn



1. Takk Gud for at Han ser til dykk, og kan gje dykk alt de treng.
2. Be Gud for dei konkrete behova som finst mellom dykk.
3. Be Gud om ein sjanse i tida framover til å gje vidare det de sjølv har fått, slik at de kan «gje brød» til dei de kjem i kontakt med.
4. Del gjerne andre bønneemne og be for kvarandre. Avslutt med «Vår Far».

Den ærlege samtalen



1. Kva har innverknad på kva slags behov du kjenner? Gud? Vener? Familie? Karriere? Media?
2. Kva er mest typisk for deg, å be om dagleg brød eller om dagleg dessert?
3. Er det vanskeleg eller lett for deg å gå til Gud med behova dine? Kvifor?
4. Korleis ser «bed, leit, bank på» ut i liva dykkar?

Takksam deling



Korleis kan de vere del av svaret på nokon si bøn om dagleg brød framover?

litt teologi:

Endrar Gud mening?

Kva er vitsen med å be dersom Gud høyrer før vi bed? Og kva er vitsen med å spørje om noko dersom Gud allereie har ein perfekt plan for alt? Ville han ikkje då på eitt vis, innrømme at planen ikkje var så perfekt likevel om han gav det til meg? Det er ganske utruleg, men Bibelen fortel oss at Gud let seg påverke av våre bønner. Tenk på Abrahams forbøn for Sodoma (1.Mos 18), for Moses sine mange forbønner for folket (eks: 4. Mos 14). Jesus fortel også ei likning om en ven som er så pågåande at han til slutt får det som han vil (Luk 11).

Bøn er mysteriøst. Ein av de største tinga er at Gud faktisk er bevegeleg, lyttande og påverkelig. Han let seg ikkje manipulere eller lure. Men Gud er Far. Din Far! Derfor er dine små og store ting viktige for Han. Han er interessert i deg og livet ditt.

Jesus startar si teneste, i følgje Johannesevangeliet, med å ordne opp i et bryllaup til to unge forelska som ikkje hadde nok vin. Tenesta til Jesus ber preg av mykje som kan verke som avbrytingar: ei kvinne som er sjuk her, eit dautt barn der, ein lam der borte, eit spørsmål her. Isolert sett, i den store samanhengen, kanskje ikkje frykteleg viktig - men Jesus møter dei. Dei var viktige nok for Jesus. Gud inviterer oss inn til å komme til han med behova våre. Lat oss då frimodig gjere akkurat det.



...vårt daglege brød. Og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting...

litt om serien:

Bibelen gir oss mange bilete på den relasjonen Gud ønskjer med menneska. Det viktigaste er Gud som vår rettferdige og nådige Far. Jesus kalla Gud for «far» heilt konsekvent. Han lærer disiplane å be til Gud som "Vår Far". I denne bønna lærer vi at bøn til Gud – å vere tett på Gud og samtale med han – alltid startar med "Pappa". Vi gløymer så lett at det er slik.

Ein jordisk, sunn far har ein enorm kjærleik til barna sine. Han er oppteken av dei - stolt over at dei er hans. Gud er vår fullkomne Far som elskar utan vilkår. I denne serien går vi igjennom dei seks bønene i verdas viktigaste bøn. «Vår Far» er ikkje eit formular eller ein liturgi. Den er invitasjonen til ein relasjon - og eit liv. Korleis lever vi «vår Far»?

litt om tema:

Det er ei djup sanning om oss menneske at vi er syndarar. Vi treng tilgjeving, vi treng nåde. Vi feilar i å sjå Gud som Far, vi feilar i å beundre han, vi feilar i å følgje han lydige. Vi er mykje meir opptekne av oss sjølve enn av Gud. At vi er syndarar er ikkje ein verdi-dom som kristne menneske fellar over alle andre. Vi er alle syndarar, vi er alle på like fot, ingen har noko som helst framfor nokon andre. Vi er alle i ein desperat situasjon med eit desperat behov for den reinsande nåden som berre Gud kan gje. Og når vi tek imot denne, skuldar vi også å gje den vidare.

Matt. 18, 21-35: rettleiande spørsmål



1. Kvifor er tilgjeving så viktig?
2. Kva må tenaren som blei ettergitt så mykje ha kjent før og etter møtet med Herren?
3. Kva driv tenaren til å krevje tilbake ei slik fillegjeld samanlikna med den han har fått ettergjeve, trur du?

Gjennom deg og vidare



Ber du på hat til nokon? Er du irritert på eller misnøgd med nokon? Tilgje dei om dei har gjort noko mot deg, og møt dei med kjærleik!

Takk, bøn og forbøn



1. Takk Gud for at han har tilgjeve dykk. Mediter over at han betalte prisen for di skuld, ditt mørke - OG at han gladeleg gjorde det, av kjærleik.
2. Om de kjenner kvarandre godt: vedkjenn synder for kvarandre, kanskje to og to, og la den andre seie: «*Etter vår Herre Jesu Kristi ord og føresegn tilseier eg deg nådig forlating for alle dine synder.*»
3. Del gjerne andre bønneemne og be for kvarandre. Avslutt med «Vår Far».

Den ærlege samtalen



1. Vedkjenner du regelmessig dine synder? Kvifor/ikkje?
2. Korleis opplever du tilgjeving? Er det ei relevant erfaring for deg? Kjenner du på skuld?
3. Er Jesu tilgjeving og hans nåde ein viktig bærebjelke i truslivet ditt? Er det teori eller erfaring?
4. Motiverer tilgjeving deg til nytt liv? Korleis?

Takksam deling



Du har sjølv fått tilgjeving for mykje. Tilgje kvarandre i tida framover! Hjelp kvarandre å tilgje og minn kvarandre på det!

litt teologi: Tilgjeving

Peter kjem til Jesus og tenkjer nok at han er raus. I jødisk tradisjon var tre tilbod om tilgjeving uttrykk for ei tilgjevande haldning (basert på Job 33,29-30; Amos 1,3; 2,6). Peter foreslår fromt «7 gonger» i byrjinga av dagens tekst. Han lærer at sanne disiplar av Jesus berre tilgjev, dei tel ikkje gongar (70 x 7). Hovud-ordet for å tilgje i NT er *afemi* - som har eit breitt spekter av tydingar: å late gå, late fare, forlate, etterlate, sende over, leggje til sides. Tilgje! Det handlar om å late vere å innkassere noko som nokon skuldar deg. Let du vere å innkassere, då betalar du prisen sjølv. For tilgjeving har alltid en pris. Som regel er tilgjeving i Bibelen alltid noko som Gud gjev, og noko som alltid blir gjeve villig, så lenge du sjølv er villig til å gje vidare det du har fått. «Tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar». Basisen for Guds tilgjeving er den frelsande handlinga Jesus gjorde på korset, slik at det alltid er Kristus - eller folket som trur på han, som gjev ho.

Tilgjeving vil til slutt bety ei fullstendig fornying av alt levande når Jesus gjer alle ting nye. Då vil alle mørke krokur bli flombelyste. Alle kne vil bøye seg, og Herren og domaren Jesus vil sei: No kan du velje. Eg betaler gladeleg prisen for syndene dine så du kan bli tilgjeven og kome og leve med meg i lyset. Eller du kan betale sjølv, og mørkret som du har vore så oppteken av å behalde vil vere alt du har. Lat oss gå til Jesu tilgjeving!



...tilgjev våre skuldningar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

litt om serien:

Bibelen gir oss mange bilete på den relasjonen Gud ønskjer med menneska. Det viktigaste er Gud som vår rettferdige og nådige Far. Jesus kalla Gud for «far» heilt konsekvent. Han lærer disiplane å be til Gud som "Vår Far". I denne bønna lærer vi at bøn til Gud – å vere tett på Gud og samtale med han – alltid startar med "Pappa". Vi gløymer så lett at det er slik.

Ein jordisk, sunn far har ein enorm kjærleik til barna sine. Han er oppteken av dei - stolt over at dei er hans. Gud er vår fullkomne Far som elsker utan vilkår. I denne serien går vi igjennom dei seks bønene i verdas viktigaste bøn. «Vår Far» er ikkje eit formular eller ein liturgi. Den er invitasjonen til ein relasjon - og eit liv. Korleis lever vi «vår Far»?

litt om tema:

Gud, vår Far, ønskjer å leie oss. Han vil føre oss fram så vi kan fullføre det løpet han har lagt for oss. Gud er ein Far som gjev retning for kvardagen. Han inviterer oss inn i sin misjon i verda – å forsone heile verda med seg sjølv. Når vi bed Gud om å «ikkje koma i freisting», bed vi om at han må bevare oss hos seg sjølv, at ingen ting skal få freiste oss bort frå hans kjærlege farsarmar. Bønna «frels oss frå det vonde» betyr ikkje at kristne ikkje vil oppleve vonde ting i livet. men vi har ein Far som kan og vil frelse oss frå dei øydeleggjande effektane av vondskap.

Mark. 1, 9-19: rettleiande spørsmål



1. I teksten er det fleire ulike aktørar. Kva «retningar» har dei? (Johannes, Jesus, DHA, Satan, Peter m.fl.)
2. Er det samheng mellom retning og Den Heilage Ande?
3. Kva trur du ligg i det Jesus seier til læresveinane i vers 15? Er her retning nok for hele livet?
4. Jesus kalla ikkje dei kvalifiserte, men kvalifiserte dei han kalla. Kvifor følgde dei han, trur de?

Gjennom deg og vidare



- Kan andre sjå at du har ein hensikt i livet ditt?
Kven slepp du innpå deg så dei kan sjå?

Den ærlege samtalen



1. Veit du kvar du skal? Kan andre sjå di retning i livet?
2. Kjenner du deg igjen i eit litt rundkøyringsaktig tilvere?
3. Kva er dine største barrierar for å følgje kallet frå Gud?
4. Kva gjer de konkret for å motivere kvarandre til å ha kvardagar i retning Gud.

Takksam deling



- Tør de å utfordre kvarandre når de merkar at nokon i gruppa er retningslause for tida?
Det er også kjærleik!

Takk, bøn og forbøn



1. Takk Gud for at de er kalla, utvalde og frelste til å bli hans barn. Takk for den retninga, identiteten og meininga det gjev til livet her og no
2. Be Gud gje dykk eit større bilete av han som Far, slik at retninga blir tydelegere for dykk i kvardagen.
3. Sei til Gud det de opplever som freistingar og barrierar i dykkar disippelskap. Be om tilgjeving, ny kraft og ny tru.
4. Del gjerne andre bønneemne og be for kvarandre. Avslutt med «Vår Far».

litt teologi: Gud, leiaren

Det er liten tvil om at Gud i Bibelen er ein Gud som gjev retning på livet for dei som trur på Han. Han kalla Abraham og gjorde han til eit folk. Han leia folket ut av Egypt og gav dei Lova, den gode leveregel. Så leia han dei inn i det lova landet, så dei både kunne vere velsigna og vere til velsigning for andre. Gud leier! I bønneboka Salmene vender ein seg tydeleg til Gud som leiar (Sal 16,7; 23,2; 31,4).

Når vi kjem til bønna «og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde», skjer det tredje skiftet i Fadervår. Først om vår relasjon til Gud vår heilage Far og hans vilje og rike for oss. Så våre behov, for dagleg brød og tilgjeving. No ber vi om retning og trygging når livet skal levast i kvardagen. Vi er lysets barn i mørkets rike. Vi blir heile vegen freista til å forlate vår identitet som Guds barn, og å skape vår eigen. Her bed vi Gud leie våre steg i kvardagslivet, så vi veit kven vi er og kven vi trur på. Alle apostlane til Jesus leid mykje og gav sitt liv for Jesus. Vi ber ikkje her om komfort og eit friksjonsfritt liv, men vi skal vite at midt i det vanskelege og smertefulle har vi ein far som ikkje berre ser oss, men som kjem til å berge oss gjennom. Til og med døden kan ikkje halde på deg som Guds barn. Så kvifor er vi redde, feige, forvirra, og resignerte? Vår Far har vist oss vegen. Lat oss vandre trufast på hans vegar, og motet vil stige for kvart steg! Disippelskap er nemlig langvarig lydnad i same retning. Fars retning.

